



Dato:
Arkivsak:
Saksbehandlar:

Til: Ingrid Kristine Holm Svendsen, Per-Morten Ekerhovd, Bård Sandal, Håkon Rasmussen,
Arne Åsan, Svein Leidulf Hegghem, Jostein Fjærstad

Frå: Fylkesrådmannen

Årsbudsjett 2017/Økonomiplan 2017- 2020. Sektorrammer.

1. Tidsplan

Fylkesutvalet drøfta i møte 23. juni 2016 sak om økonomiske rammer for perioden 2017–2020 (fylkesutvalsak 174/16). I saka, som følgjer vedlagt, er det presentert framlegg til investeringsrammer for kvar sektor og overslag over totale driftsrammer i perioden.

Fylkesutvalet sitt vedtak i sak 174/16 lyder slik:

«Fylkesutvalet tek til orientering dei økonomiske rammene for perioden 2017-2020 slik dei er skisserte i denne saka. Rammene vert å justera i den grad ein får nye haldepunkt som gjev grunnlag for det.

Fylkesutvalet er framleis uroa over gjeldsutviklinga i fylkeskommunen og merkar seg at fylkesrådmannen legg opp til auka avdragsbetaling i komande økonomiplanperiode.»

Tidsplan for budsjettarbeidet går fram av notat av 17. juni til avdelingsdirektørane – arkivsak 2016/5571-2

2. Budsjettrammer

I fylkesutvalssak 174/16 viser utrekningane at det for 2017 blir ein reell reduksjon i samla driftsrammer på 75 mill. kr i forhold til budsjettet for 2016. I resten av økonomiplanperioden vert det rekna med ytterlegare reduksjon i driftsrammene. For 2020 viser utrekningane 144 mill. kr lågare driftsrammer samanlikna med 2016 rekna i faste 2016-kr.

Viktige årsaker til reduserte driftsrammer i økonomiplanperioden er endring i det nye inntektssystemet for fylkeskommunane, auka kapitalutgifter og nedgang i konsesjonskraftinntektene. Årsakene til nedgang i driftsrammene er nærmere omtalt i fylkesutvalsak 174/16 som ligg ved.

3. Budsjett dokumentet

I tillegg til det som går fram i det nemnde notatet om tidsfristar, prosess og leveransekrav av 17. juni, må avdelingane også sjå på endringar i økonomiplanen for åra 2018-2020.

Økonomiplanen vert utarbeidd samla for fylkeskommunen, og må innehalda omtale av hovudutfordringane i planperioden. Det er såleis viktig å kommentera bundne utgifter som følge av tidlegare vedtak – og kva tilpassingar som må gjerast for å få plass til utgiftene.

Det har vore ein tendens til at sektoromtalen i økonomiplanen har vore svært knapp, og fylkesrådmannen vil be avdelingane om å leggja meir vekt på denne delen.

4. Sektorrammer

Det er utarbeidd tabellar/rekneark der budsjettet for 2016 er omrekna til pris- og lønsnivået som skal nyttast i 2017-budsjettet, det vil seia 0-vekst ramme.

Med utgangspunkt i 0-vekst ramma har fylkesrådmannen fordelt reduksjonen på 75 mill. kr i driftsramma slik det går fram av tabellen nedenfor:

	Budsjett 2016	0-vekst 2017	Eingongsutg. 2016 fin. med fond	Revidert statsbudsjett 2016	Endring i budsjettramme	Budsjett ramme 2017
Politisk verksemd	27 466	28 225				28 200
Kontrollorgan	5 903	6 069				6 000
Fylkesrådmannen	18 320	18 710				18 700
Eigedomsavdelinga	116 000	119 104			3 000	122 000
Økonomi- og organisasjonsavdelinga	154 686	159 012			-1 000	158 000
Regionalavdelinga	86 857	89 050	-4 000		-1 000	84 000
Samferdselsavdelinga	1 878 415	1 921 683		-25 000	-30 000	1 867 000
Kultur og idrettsavd.	192 487	197 149	-1 700		-1 000	194 500
Tannhelseavdelinga	191 701	198 199			5 000	203 000
Opplæringsavdelinga	2 754 665	2 837 755		16 000	-50 000	2 803 000

Det går fram av tabellen at det for eigedomsavdelinga og tannhelseavdelinga er lagt opp til mindre auke i driftsrammene. For eigedomsavdelinga gjeld det delvis oppretting av reduksjon på 5 mill. kr i 2016-budsjettet og for tannhelseavdelinga gjeld det ei feilbudsjettering som må rettast opp. Feilen er enno ikkje retta opp for inneverande år, men budsjettet for tannhelse vil verta foreslått justert i tertialrapporten etter 2. tertial til fylkestinget i oktober.

Reduksjonen på 25 mill. kr for samferdselsavdelinga i kolonna revidert statsbudsjett gjeld fjerning av vegbruksavgift for gassbussar. Budsjettet for 2016 er enno ikkje endra for dette, men også dette vil fylkesrådmannen koma attende til i tertialrapporten etter 2. tertial. Tillegget for opplæringsavdelinga på 16 mill. kr er vidareføring av tilleggsløyvinga i tertialrapporten etter 1. tertial, vedteken i fylkestinget i juni, som i hovudsak gjeld auka satsar for lærlingtilskot.

Eingongsutgiftene i 2016 som er finansiert med fond gjeld 4 mill. kr til fyllestasjon for hydrogenbilar og 1,7 mill. kr til ulike tilskot innanfor kulturfeltet.

Budsjett ramma for 2017 er avrunda til nærmeste 100 000 kr/mill. kr og skal leggjast til grunn for avdelingane sitt arbeid med budsjettet for 2017.

5. Tidsfrist

Fylkesrådmannen minner om tidsfristen for budsjettforsлага fra avdelingane som er innan 2. september 2016.

Vedlegg:

Årsbudsjett 2017/Økonomiplan 2017-2020. Økonomiske rammer og føresetnader.